

REFERAT FRÅ MØTE I PROGRAMSTYRET

Tid: Fredag 12. desember kl. 09.15
Stad: Dragefjellet, møterom 546

Til stades: Henriette Sinding Aasen, Ernst Nordtveit, Anne-Hilde Nagel, Randi Gressgård, Anders Johansen, Anne Lise Fimreite, Leif Manger, Kristin Strømsnes (for Dag Arne Christensen)
Adm.: Else Jerdal
Forfall: Leif Manger, Randi Sæbøe

Møtet vart leia av Henriette Sinding Aasen

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjend.

II Referat frå møte 26.09.2008

Tidlegare godkjend.

10 Nettside for Demokrati og rettsstat

Eli Ertresvaag Zachariadis orienterte om status for arbeidet med ny eksternweb for UiB. Dei tverrfakultære satsingane skal utformast etter malen for forskargrupper. Programstyremedlemmene vert melde inn som medlemmer av forskargruppa med koordinator som redaktør. Det er meldt inn fleire aktuelle prosjekt som skal omtalast på nettsida.

11 Arbeidsform og arbeidsplan for programstyret

Koordinator inviterte til drøfting av programstyret sitt arbeid og arbeidsform, med utgangspunkt i innsatsen og erfaringane så langt. Det var semje om at det er viktig for satsinga å få i gang nokre større og tverrfaglege prosjekt som kan vera "flaggskip". Ein må difor arbeida langsiktig med å utvikla større søknader til eksterne finansieringskjelder som Noregs forskingsråd, EUs rammeprogram og andre. Forskingsrådet sitt planlagde program om demokrati- og rettsstatsforskning var éin bakgrunn for satsinga ved UiB. Når dette programmet ikkje vart realisert, er det ei utfordring at relevante og viktige problemstillingar i satsinga fell mellom fleire stolar. Nokre av programma i Forskingsrådet kan likevel vera aktuelle å søkja (t.d. Latin-Amerika og dei nye programma VAM og NORGLOBAL).

Styret drøfta moglege tema for større tverrfaglege prosjekt, som t.d.

- 2014-markeringa for Grunnlova og for det eldste universitetet i Noreg
- Globalisering, deregulering og styringsutfordringar – kva styringsproblem har statane fått som følgje av globaliseringa?
- Globale rørsler

Det vart òg vist til Holberg-prosjektet og at styret bør vurderer mogleg tilknytning til dette prosjektet.

Som ledd i arbeidet med prosjektutvikling vart det føreslått å arrangera ei dagssamling med idémyldring og for å bli meir kjent med kva tematikkar folk arbeider med.

I drøftinga tok ein òg opp samarbeid mellom programstyret og fakulteta, og vilkåra for at programstyret kan fylla oppgåva si best mogleg. Det er viktig å ha god og jamleg kontakt mellom fakultetsleiingane og programstyret for å nå dei måla UiB har for satsinga på demokrati og rettsstat. Fakulteta er også avgjerande for kva ressursar satsinga får frå Universitetet, mellom anna gjennom dei prioriteringane dei gjer i sine budsjett. Såleis har fakulteta ei nøkkelrolle for at satsinga skal lukkast. Drøftinga viste at kontakt og samarbeidsform mellom programstyremedlemmene og dei aktuelle fakultetsleiingane varierer noko.

Programstyret ba koordinator invitera til felles orienterings- og drøftingsmøte mellom programstyret og leiinga ved dei deltakande fakulteta. Føremålet vil vera å informera om programstyret sitt arbeid, få innspel til det vidare arbeidet og drøfta ressursgrunnlaget for satsinga. Dette kan sikra at det er samsvar mellom fakulteta sine faglege satsingar og prioriteringar og programstyret sitt mandat, som er å samla dei faglege ressursane som finst på feltet demokrati og rettsstat og gjera dette til ei profilert og synleg fagleg satsing ved UiB.

12 Rapportering

Det var lagt fram utkast til rapport om arbeidet i 2008, som styret tok til orientering. Det var semje om at rapporten bør ha meir omtale av faglege aktivitetar, og at den òg skal ha med ein oversikt over postdoktorar og stipendiatar som er tilsette innanfor satsinga, samt rekrutteringsstillingar som er utlyste til satsinga.

13 Eventuelt

Ingen saker til dette punktet

Møtet vart avslutta 11.50

Henriette Sinding Aasen
koordinator